

Kinoguiden

SOGNDAL KINO



Mordene i Kongo – Noregspremiere!

Våren 2009 kryssar dei to nordmennene Joshua French og Tjostolv Moland grensa til Øst-Kongo. Få dagar seinare kjem nyheita om at sjåføren deira er funnen drepen. Etter fleire netter på flukt i den mektige kongolesiske jungelen, blir dei to arresterte og dømt til døden. Når Tjostolv Moland etter fire lange år i fengsel blir funnen død på cella, blir Joshua French mistenkt for drapet på sin beste venn. Filmen tek oss med på ei reise tilbake til ei gåte som har vore gjenstand for alle slags spekulasjonar. Kjent som «Kongosaken» utviklar dei skjebnesvangre hendingane i Kongo sin jungel seg til ei politisk og diplomatisk betent symbolsak. Noregspremiere 26. oktober. Norsk drama med Aksel Hennie og Tobias Santelmann. Regi Marius Holst. Tid: 2 t. 8 min. Aldersgrense 15 år.

Halloween – Noregspremiere!

Laurie Strode må ta opp kampen med Michael Myers ein siste gong, etter at ho så vidt slapp unna det blodige mordtoktet hans på Halloween 40 år tidlegare. Noregspremiere 26. oktober. Amerikansk grøssar og skrekkfilm med Jamie Lee Curtis og Judy Greer. Regi David Gordon Green. Tid: 1 t. 45 min. Aldersgrense 15 år.



Nøtteknekkeren og de fire kongerikene – Noregspremiere!

Alt Clara ønskjer seg er ein veldig spesiell nøkkel som kan opne ei øskje med ei uvurderleg gåve. Ein gyllen tråd leiur ho til den ettertrakta nøkkelen, som så forsvinn inn ei underleg og mystisk parallell verd. Noregspremiere 31. oktober. Amerikansk eventyr, familie- og fantasyfilm med Helen Mirren, Keira Knightley og Mackenzie Foy. Regi Lasse Hallström. Tid: 1 t. 39 min. Aldersgrense 9 år.



Grensen

«Grensen» er ei mørk kjærleikshistorie som balanserer i grenselandet mellom det verkelege og det overnaturlige. Filmen blei vinnaren i den prestisjefylte kategorien Un Certain Regard under årets Cannes-festival. Filmen vann òg Den Norske Kritikerprisen under Den Norske Filmfestivalen i Haugesund. Sverige har plukka ut filmen som sitt bidrag til Oscar. Skodespelar Eva Melander, Eero Milonoff og Viktor Åkerblom. Regi Ali Abbasi. Tid: 1 t. 41 min. Aldersgrense 15 år.

KuToppen

Klara er ein ung bykalv med ein draum om å bli stor stjerne. Ein dag får ho eit brev frå faren sin, oksen Mosk, som ho ikkje har sett på mange år. Mosk vil at ho skal besøka han på garden hans, Kutoppen, til sommaren. Mora til Klara har fortalt at Mosk er ei stor rockestjerne og no har Klara endeleg sjansen til å bli kjent med han. Men når Klara kjem til Kutoppen oppdagar ho at faren Mosk ikkje er ei rockestjerne. Han er berre ein vanleg eplekakebonde. Og ikkje nok med det: Han har fått kugalskap! Norsk animasjon og barnefilm med norske stemmer: Henriette Faye Schjøll, Fridtjof Såheim og Bjarte Tjøstheim. Regi Lise Osvoll. Tid: 1 t. 2 min. Aldersgrensa er tillaten for alle.

Lærdal kino

First Man
Mordene i Kongo

Årdal kino

Bad Times at the El Royale
A Star is Born
Mordene i Kongo

Friberg kino

A Star is Born
Mordene i Kongo
Nøtteknekkeren og de fire kongerikene

Om bygdeoriginalar

VIK: Fredag er det klart for ny lokalhistorisk kafe i Vik. Temaet er bygdeoriginalar. Arne Inge vil fortelja om Mandu, Soffien og Vetle Thorsen og fortelja historier etter dei. Bygdeoriginalar er ein utdøyande rase, men alle bygder hadde slike. Dette er femte gongen kafeen vert arrangert, og neste fredag i november skal Ottar Wiik kåsera om Peter Andreas Blix. Høve til å kjøpa lunsj eller berre kaffi og kake/vaffel. Vel møtt, melder arrangøren.

Grøftekarane kjem

FØRDE: Mange band er klare for Sunnfjord Countryrock fredag og laurdag. Mellom anna kjem Yngvar Furebotn band, Rune Sanden band, Grøftekarane, Steinar Englebretkton band og Rotlaus. Sunnfjord Countryrock er ein av fylkets store countryfestivalar og har fått eit godt og variert program, melder arrangørane, som håpar festivalen vil samla mykje feststemt publikum.

Trygggleik, leik

■ ■ Film frå oppvekstsentera

■ ■ Erasmus



LEIK: Språkleik er eitt av verkemidla lærarane brukar på Jostedal oppvekstsenter.

LUSTER: – Det var ikkje så lett for elevane å gløyma at kamera var der.

Det seier leiar Eli Merete Hansen Moen på Luster oppvekstsenter. Dei er med i den nye filmen om overgangen barnehage skule som Luster kommune har fått laga.

Internasjonalt

Filmen er ein del av dokumentasjonen til prosjektet RECEPTION. Dette er eit treårig prosjekt som handlar om god startopplæring og nettopp overgangen barnehage og skule.

Dei fem oppvekstsentera i Luster delteke i prosjektet. Dei andre partnarane i prosjektet er Clare Education Centre frå Irland, Albertslund kommune i Danmark, Langholtsskole i Reykjavik på Island, barneskulen OS Matje Gupca utanfor Zagreb i Kroatia og direktoratet for grunnskuleutdanninga i Vestre Thessaloniki i Hellas.

Prosjektet er støtta økonomisk gjennom EU sitt utdanningsprogram Erasmus+.

Trygg overgang

Filmen frå oppvekstsentera i Luster fokuserer på trygggleik, leik og inkludering. Han viser fram ei rekkje tiltak for å gjera overgangen til skule så smidig og trygg som mogleg.

– Hos oss filma dei ei av våre faste felles morgonsamlingar. Då er alle i både barnehage og skule med, og dei vekslar på å ha eit opplegg. Og elevane var veldig flinke, sjølv om han som filma bad

dei gjenta noko fleire gongar, fortel Moen.

Systematisk arbeid

Ved oppvekstsentera har barnehagebarna og skuleborna faste kulturøker i lag der dei syng og presenterer for kvarandre, det er uformell leik i lag i friminutta, språkleik der dei leikar butikk eller sjukehus. Det er også slik at dei eldre borna les for barnehageborna eller lærer dei enkel programmering.

– Alle desse tiltaka er ikkje mogleg utan systematisk og tett samarbeid mellom barnehage og skule. Her har naturlegvis oppvekstsentera ein stor føremon ved at barnehage og skule ligg vegg i vegg. Det tette samarbeidet er også vesentleg for å sikra tilpassa opplæring og inkludering i praksis, seier kommunalsjef oppvekst, Knut Åge Teigen.

God melding

Det er elevbedrifta Campus Media UB som laga filmen på oppdrag frå Luster kommune. Moen og nokre lærarar var for to veker sidan til Kroatia for å møta dei andre deltakarlanda. Der viste alle landa fram sine filmar, og Noreg fekk ekstra skryt.

– Me fekk gode tilbakemeldingar på filmen vår. Dei meinte den var jordnær og rett på sak.

Men den korte filmen viser ikkje alt skulane gjer for å gjera gode overgangar for barna.

Fjellturar

Det er litt ulikt kva oppvekstsentera gjer. Men ved Luster oppvekstsenter har dei fadderordning, og kvar haust tek



FELLESSKAP: Barn i barnehagen får ein god overgang frå barnehagen til

dei med seg femåringane i barnehagen når skulen har fjelltur.

– Det kan vera både kjekt, og litt skummelt for femåringane. Men dei har med seg vaksne frå barnehagen. I tillegg har me førjulsopplegg saman. Alt er med på å gjera overgangen enklare for barna, ved at dei får verta kjende med elevar og oss som arbeider her, seier Moen.

Dei har også faste møtepunkt mellom dei tilsette i barnehagen og på skulen.

Vertskap

EU-prosjektet er treårig, og Luster er no inne i det siste året. Dei har delteke på samlingar i alle dei andre deltakarlanda. No er det snart Luster kommune sin tur til å vera vertskap.

– I mai 2019 kjem dei andre landa til oss, fortel Moen.

Wenche Schanke Eikum
wenche@sognavis.no

Får stipend

ÅRDAL: Reidun Rose Vinda får eit stipend på 30.000 kroner av kulturmidlane hjå fylkeskommunen etter søknad om arbeidsstipend. Vinda skal delta på workshop ved Norske grafikeres verksted i Oslo og må då oppdatera seg på bruk av Adobe photoshop/illustrator. Eit arbeidsstipend vil gje moglegheit til å oppdatera teknikkar, eksperimentera og foreina det ho har jobba med tidlegare, med det ho jobbar med no, heiter det i vedtaket.

Feira med konsert

HØYANGER: Kulturskulen feira 40 år og det vart feira med storslått festkonsert og utstilling i Høyanger samfunnshus, melder avisa Ytre Sogn. Der deltok mange unge utøvarar og Anne Hjetland, første rektor på det som i starten heitte Høyanger musikkule. – Det er moro at nivået og spelegleda er som den er. Det har vore mykje øving, det høyrer me av framføringa, sa kultursjef Anita Nordheim, ifølgje avisa.

og inkludering

mus-prosjekt



opplæring i koding av ein elev ved Skjolden oppvekstsenter. Samarbeidet er ein del av prosjektet med å gje skulen. Youri van der Werwe frå elevbedrifta Campus Media UB filmar. (Alle foto: Luster kommune)



FELLES: Annakvar veke har skulen og barnehagen ved Luster oppvekstsenter felles morgonsamling.

Hårek



Laurdag

God helg



Smilet og latteren er tilbake

BALESTRAND: Det har langt frå vore solskin heile vegen for Magne Nesheim. No har han flytta heim, og har funne oppskrifta på eit godt liv. – Eg kan aldri jobba i ein vanleg kontorjobb att. For meg er det viktig å ha denne ustabiliteten.

Les meir om gründeren i Sogn Avis laurdag.

Sogn Avis